

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Folkehøgskolane
Folkehøgskoleorganisasjonane
Folkehøgskoleblada

J.nr. 3/15/Rundskriv
FHSR-rundskriv 3/15
Oslo 9. februar 2015

Vegleiing i søknad om NAV-midlar til elevar i folkehøgskulen

Rektor på Sunnfjord folkehøgskule, Jorun Knapstad har utarbeida ein mal når det gjeld søknad om midlar til elevar i folkehøgskulen. Malen er vist nedanfor og vi takker Jorun for at ho vil dele den med rektorkolleget!

Gå til NAV sine heimesider: www.nav.no

- I søkerfeltet opp til høgre skriv du inn **folkehøyskole**.
- Du får no fem val, trykk på **Søknad om stønad til tilpasningskurs.**
- **Vel målform**
- **Vel Jeg vil söke stønad til opphold på folkehøyskole, første år** evt. andre år dersom det passar.
- Gå til **Neste steg.**
- Trykk på **Jeg er folkeregistrert og bor i Norge.**
- Skriv inn postnummer og fullt personnummer til eleven.
- Skriv ut første side.
- Hjelp evt. foreldre/elev/hjelpeinstans å fylle ut søknadsskjemaet.
- Ta dette ut og be dei få spesialist/lege til å skrive på. Be dei sende det inn til NAV. skanning på den adressa som står på første arket. Hugs, dei må vedlagt ha di berekning av ressursar.

Tilskotet byggjer på rettane til eleven

- Ungdommen sin rett er heimla i Folketrygdelova 10,6 og 10,7.
- Dette er ein individuell rett, og enkeltvedtak.
- Søknaden skal **ikkje** gå til det lokale NAV kontor, **men sendast NAV skanning**. Då kjem det til NAV forvaltning i heimefylket.

Din prosess for å få ressursar på plass til eleven:

- Start så tidleg som mogleg.
- Har du høve, så be om møte med elev/hjelpeapparat/ foreldre i god tid før skuleåret startar.
- Be om å få tilsendt dei nødvendige rapportar, slik at du kan danne eit klart bilet av kva slag behov det er snakk om.
- Viktig å ha møte med eleven. Du skaffar deg eit bilet av funksjonsnivået til ungdommen. Det treng ikkje alltid vere samsvar mellom dei opplysingane du får og det inntrykket du gjer deg sjølv.
- Tenk at du skal dekke behovet til den enkelte. Det er ikkje alltid mogleg å sette elevar saman i gruppe. Du skal uansett ha midlar til å legge til rette for undervisning og opphold.
- Godt samarbeid med eksterne instansar/hjelpeapparat/foreldre er gull verdt.
- Når du bereknar, bruk gjeldande regulativ og pluss på for sos.avg. og feriepengar.
- Ver nøyde med at du i brevet du skriv får fram:
 - Diagnose.
 - Det samarbeidet og den prosessen du har hatt med andre i forkant.
 - Målsettinga med folkehøgskuleåret.
 - Kva ein folkehøgskule er, heildøgnssopplegg, laurdagsopplegg, helgar, m.m.
 - Turar.
 - Eventuelt dobbeltelling.
 - Alle utgifter, få med kost på turar og også under miljøvakter.
 - Ekstrautstyr m.m.
 - Lærartimar, assistenttimar, miljøarbeidar.
 - I enkelte tilfelle har ungdommen ikkje brukt opp retten til vidaregåande opplæring. Då kan det komme på tale med ei deling mellom Opplæringsavdelinga i fylket og NAV. (Fylket i skuletida, NAV på ettermiddag og helgar + reiser).

Med helsing for Folkehøgskolerådet
Øyvind Brandt /s/
leiar

Odd Arild Netland /s/
sekretær